

Møtebok

Utval: Utdanningsutvalet
Stad: AR-T 401
Dato: 16.11.2016 kl. 9:00-11:30

Fylgjande faste medlemer møte:

Bjørheim, Jonas
Brun, Eric Christian tom sak 40
Hoff, Lene Katrine
Husebø, Dag tom sak 40
Melberg, Jorunn
Nielsen, Marit Aamodt
Ofstedal, Bjørg Frøysland
Sjøberg, Jørgen

Fylgjande hadde meldt forfall:

Hauken, Håkon
Knutsen, Ketil
Selvik, Jon Tømmerås
Trulsen, Stine

Fylgjande varamedlmer møte:

Jan Terje Kvaløy
Marte Mæland

Observatørar med talerett:

Faret, Elisabeth
Kolstrup, Gitte

Sekretariat:

Veslemøy Hagen
Eilef J. Gard
Kristofer Henrichsen

Birgitte Tysdal frå IGIS var innkalla til sak 36/16.

Møtet vart leia av Dag Husebø. Veslemøy Hagen tok over frå sak 41/16.

UiS, 23. November 2016

Saksnr.	Innhald	U.off.	Arkivnr.
UU 33/16	Godkjenning av innkalling		
UU 34/16	Møtebok frå utdanningsutvalet 21. september 2016		15/01302-40
UU 35/16	Akkreditering av tre masterstudier ved Det samfunnsvitenskapelige fakultet		15/01629-6
UU 36/16	Femårig master i grunnskulelærerutdanning, trinn 1 - 7 og 5 - 10		15/01629-5
UU 37/16	Forslag til ny forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning (tilsynsforskriften) - høring UU		16/05561-3
UU 38/16	Endring i Regler for opptak og rangering til mastergradsstudier ved UiS		16/04644-8
UU 39/16	Plan for utvalet sitt arbeid 2017		15/06435-2
UU 40/16	Tema for strategisak i februar møtet		15/01339-3
UU 41/16	Endring av namn på master i sjukepleie med spesialiseringar i anesthesi-, intensiv- og operasjonssykepleie		15/05228-7
UU 42/16	Andre orienteringssaker		15/02099-8
UU 43/16	Eventuelt		

UU 33/16 Godkjenning av innkalling

Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

UU 34/16 Møtebok frå utdanningsutvalet 21. september 2016

Saksnr: 15/01302-40	Saksansvarlig: Veslemøy Hagen, <i>utdanningsdirektør</i>
Møtedag: 16.11.2016	Informasjonsansvarlig: Veslemøy Hagen, <i>utdanningsdirektør</i>

Dokument i saka

Møtebok frå utvalet sitt møte 21. september 2016.

Vedtak:

Utdanningsutvalet godkjenner møtebok frå 21. september 2016.

UU 35/16 Akkreditering av tre masterstudier ved Det samfunnsvitenskapelige fakultet

Saksnr: 15/01629-6	Saksansvarlig: Veslemøy Hagen
Møtedag: 16.11.2016	Informasjonsansvarlig: Veslemøy Hagen

Utdanningsdirektøren innleia i saka og ga honnør til fakultetet for å ha gjort eit godt arbeid med søknadene. Utdanningsdirektøren har i saksframlegget peika på mindre ting i planane, og har stilt nokre spørsmål til læringsutbytteformuleringane. Ho har også lagt fram forslag til endring i namn på master i miljø, energi og samfunn.

Saka inneheldt søknad om akkreditering av tre masterprogram ved Det samfunnsvitenskapelige fakultetet. Programma vart handsama kvar for seg i møtet.

Jørgen: Søker om 25 studieplasser, men 15 studieplasser er tilgjengeleg. Kvar kjem dei andre frå?

Lene: Vert henta frå ...

Marit: Vert vidareutdanning i helsesystemfag lagt ned?

Lene: mulighet for avkorta løp slik at ein kan få vidareutdanning.

Master i miljø, energi og samfunn

Side 4 i søknaden: «Studenter vil bli involvert etter hvert i det vidare arbeidet med utforming av masteren. Det vil bli gjennomført samtaler med studentrepresentanter fra eksisterende relevante mastere ved UiS.» Studenter frå bachelorprogram kan også gjerne verta bedne om innspel til vidareutvikling av studiet.

Fylgjande setning på side 7 i søknaden må vurderast på nytt: «Søkere med andre typer utdanningsbakgrunn vil bli vurdert av opptakskomiteen. Komiteen vil legge vekt på å oppnå tverrfaglighet i studentgruppen, og det kan bli aktuelt med særskilte vurderingar for å oppnå dette målet.» Det er problematisk å stilla slike krav til opptaket.

Med utgangspunkt i at dette er eit tverrfagleg program, vart det spurt om det er tilrettelagt for å kunna ta forkurs for studentar som ikkje har alle faga som masteren inneheld.

Master i rus og psykiatri

Utvalet ber om at fylgjande formulering i søknaden (side 10) vert endra: «Gjennomført mastergrad kvalifiserer til å søke opptak på PhD-studier», slik at det vert presisert at fullført master kan gje *grunnlag for* opptak på ph.d.-studier.

Master i helsesøsterfag

Utvalet hadde ingen serlege kommentarar til dette programmet.

Det vart elles kommentert at ingen av læringsutbyteformuleringane i programma inneheldt krav til digital kompetanse. Utvalet drøfta om digitalisering bør vera med i krav til akkreditering. Det vart her helde fram at det skjer mykje i ulike utdanningar når det gjeld digitalisering, og at det må handla om relevans.

Vidare vart det peika på at biblioteket må verta spurt om ressursbehov når nye program skal starta opp. Ein diskusjon med biblioteket kan setja i gong ein diskusjon som fagmiljøet kan ha nytte av.

Vedtak:

- a) Utdanningsutvalget akkrediterer Master in Energy, Environment and Society, og tilrår universitetsstyret å etablere studiet med oppstart høsten 2017. Fullført og bestått utdanning gir graden Master in Energy, Environment and Society.
- b) Utdanningsutvalget akkrediterer Master i rus og psykisk helsearbeid/ Master in Substance Use and Mental Health Work, og tilrår universitetsstyret å etablere studiet med oppstart høsten 2017. Fullført og bestått utdanning gir graden master i rus og psykisk helsearbeid/ Master in Substance Use and Mental Health Work.
- c) Utdanningsutvalget akkrediterer Master i helsesøsterfag/ Master in Public Health Nursing, og tilrår universitetsstyret å etablere studiet med oppstart høsten 2017. Fullført og bestått utdanning gir graden master i helsesøsterfag/ Master in Public Health Nursing.

UU 36/16 Femårig master i grunnskulelærerutdanning, trinn 1 - 7 og 5 - 10

Saksnr: 15/01629-5	Saksansvarlig: Veslemøy Hagen, <i>utdanningsdirektør</i>
Møtedag: 16.11.2016	Informasjonsansvarlig: Veslemøy Hagen, <i>utdanningsdirektør</i>

Utvalseiar og utdanningsdirektøren innleia kort i saka og rosa institutt og fakultet for eit godt arbeid på kort tid.

Utvalseiaren peika på at det digitale aspektet er skrive inn, både som kommunikasjonsreiskap og som dugleik, og rosa samtidig fakultetet for å ha inngått utvekslingsavtalar med ECIU-medlemer.

Dei vedlagde programme vert akkrediterte etter gjeldande regelverk. Ved utløpet av 2018 skal alle masterprogram først i samsvar med nye akkrediteringsreglar.

Utvalet slutta seg til kommentarane frå leiar og utdanningsdirektøren og gjorde fylgjande

Vedtak:

- a) Utdanningsutvalet akkrediterar master i grunnskulelærerutdanning for trinn 1 - 7. Det engelske namnet er Master in Primary and Lower Secondary Teacher Education for Years 1 – 7. Studiet vert gjennomført på både heiltid og deltid og gir 300 studiepoeng. Fullført og bestått utdanning gir rett til graden master. Utdanningsutvalet tilrår styret å etablere studiet med oppstart hausten 2017
- b) Utdanningsutvalet akkrediterar master i grunnskulelærerutdanning for trinn 5 - 10. Det engelske namnet er Master in Primary and Lower Secondary Teacher Education for Years 5 – 10. Studiet vert gjennomført

på heiltid og gir 300 studiepoeng. Fullført og bestått utdanning gir rett til graden master. Utdanningsutvalet tilrår styret å etablere studiet med oppstart hausten 2017.

UU 37/16 Forslag til ny forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning (tilsynsforskriften) - høring UU

Saksnr: 16/05561-3	Saksansvarlig: Veslemøy Hagen, utdanningsdirektør
Møtedag: 16.11.2016	Informasjonsansvarlig: Veslemøy Hagen

Utdanningsdirektøren innleia. Ein har ikkje lagt fram forslag til uttale frå utvalet, men ber om kommentarar til nokre problemstillingar.

Utvalet hadde fylgjande innspel til høyringsvar frå UiS:

- Forskrifta må still krav til institusjonen, og ikkje berre til fagmiljøa. Vert ein for strame i akkrediteringskrava kan ein stå i vegen for innovasjon. Krava kan verta for strenge på programnivå. Kva er det som skaper kvalitetskultur? Er det krav eller tilretteleggjing? Det er institusjonen som må møte krava.
- Studieleiarordning er vanskeleg og er potensielt konfliktfylt. Kva betyr det å vera studieleiar? Fylgjer det med ressurser og myndighet?
- Kva dokumentasjon skal skaffast fram? Programevalueringar er ein ting, men korleis kan det kvantifiserast?
- I den nye forskrifta vert merksemda flytta frå å driva eit kvalitetssystem til å ansvarleggjera fagmiljøa på å vera merksam på kvalitetsarbeidet. Dokumentasjonskrava skal ikkje vera andre enn kvalitetskrava.
- Det er viktig at nokon som sit tett på studia har eit vitenskapleg mandat. Ein vitenskapleg tilsett studieleiar møter studentane og kollegene. Korleis kan mandatet til studieleiarar unngå å koma i konflikt med mandatet til instituttleiar?
- Å gå frå system og kontroll til at fagmiljøa skal vera sjølvgåande, er positivt. Men krava til dokumentasjon er ikkje klare. Ein kan risikera at mange institusjonar brukar mykje ressurser på ting som ikkje nyttar. Eit tiltak kan vera å tilby workshops og seminar om korleis ein får det til, gjerne som samarbeid med fleire institusjonar.
- Fagleg leiing er veldig viktig og sentralt på alle nivå. Det må avklarast kva som ligg til det enkelte nivået. Det må ikkje berre vera administrativt.
- Detaljstyring av faglærar og faglærar sitt forskingsfelt og relevans for undervisinga kan verka avgrensande.
- Universitetet bør problematisera det føreslegne kravet om gjennomføring på programnivå.

Vedtak:

Utdanningsutvalget ber om at utvalgets innspill tas med i universitetets høyringsuttalelse

UU 38/16 Endring i Regler for opptak og rangering til mastergradsstudier ved UiS

Saksnr: 16/04644-8	Saksansvarlig: Veslemøy Hagen, utdanningsdirektør
Møtedag: 16.11.2016	Informasjonsansvarlig: Veslemøy Hagen, utdanningsdirektør

Utdanningsdirektøren innleia i saka. Det vil skje ei innfasing av ny praksis for internasjonalt opptak, fyrst ved det humanistiske fakultetet. Der er juridiske og kommunikasjonsmessige problemstillingar som må avklarast. Utdanningsdirektøren vil koma tilbake til saka og føreslår at gjeldande formulering vert ståande.

Forslag til vedtak:

§ 2 i [Regler for opptak og rangering til mastergradsstudier ved UiS](#) tilføyes ny litra

g) *For opptak til engelskspråklige masterstudier, hvor det foreligger en opptaksramme for både lokalt opptak og for internasjonalt opptak, må kandidater som ikke har norsk personnummer søke internasjonalt opptak. Kandidater med norsk personnummer, samt nordiske statsborgere med utdanning fra nordiske land, søker lokalt opptak.*

UU 39/16 Plan for utvalet sitt arbeid 2017

Saksnr: 15/06435-2	Saksansvarlig: Veslemøy Hagen, <i>utdanningsdirektør</i>
Møtedag: 16.11.2016	Informasjonsansvarlig: Veslemøy Hagen, <i>utdanningsdirektør</i>

Vedtak:

Utdanningsdirektøren tek innspel frå utvalet med i utarbeiding av endeleg framlegg til plan for utvalet sitt arbeid i 2017. Planen vil verta lagt fram for utvalet sitt møte 15. februar.

UU 40/16 Tema for strategisak i februar møtet

Saksnr: 15/01339-3	Saksansvarlig: Veslemøy Hagen, <i>utdanningsdirektør</i>
Møtedag: 16.11.2016	Informasjonsansvarlig: Veslemøy Hagen, <i>utdanningsdirektør</i>

Utvalseiar innleia til saka. Ein har diskutert om utvalet også skulle føra strategiske diskusjonar, og denne saka handlar om kva slike diskusjonar skal vera.

Utvalet slutta seg til framlegget frå utdanningsdirektøren, og ga også innspel til innhald i møtet 15. februar. Utdanningsdirektøren og utvalseiar fylgjer opp saka.

Vedtak:

Utdanningsutvalet støttar forslaget til tema og ber utdanningsdirektøren førebu møtet 15. februar, med dei innspela som kom fram i møtet.

UU 41/16 Endring av namn på master i sjukepleie med spesialiseringar i anestesi-, intensiv- og operasjonssykepleie

Saksnr: 15/05228-7	Saksansvarlig: Veslemøy Hagen, <i>utdanningsdirektør</i>
Møtedag: 16.11.2016	Informasjonsansvarlig: Veslemøy Hagen, <i>utdanningsdirektør</i>

Utdanningsdirektøren innleia kort i saka.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tilrår universitetsstyret å endra namn på master i sykepleie med spesialiseringar i anestesi-, intensiv- og operasjonssykepleie til master i spesialsykepleie med spesialiseringar i anestesi-, intensiv- og operasjonssykepleie med verknad frå studieåret 2017-2018.

UU 42/16 Andre orienteringssaker

Saksnr: 15/02099-8 Saksansvarlig: Veslemøy Hagen, *utdanningsdirektør*
Møtedag: 16.11.2016 Informasjonsansvarlig: Veslemøy Hagen, *utdanningsdirektør*

Utdanningsdirektøren orienterte.

- a) Høring av utkast til forskrift om Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring og om henvisning til Det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring. Vedlegg 1. Dette er ei formalisering av ei sak som er gjennomført.
- b) Prosjektet digital eksamen. Vedlegg.
- c) Studiebarometeret. Munnleg orientering ved utdanningsdirektøren.
- d) Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning. Rundskriv fra Kunnskapsdepartementet. Vedlegg.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek sakene til orientering.

UU 43/16 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.